



Adu-Ingeniør Atle D Utkilen
Postboks 75 Fonnes Senter
5952 FONNES

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/3902 - 19/22352

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

12.07.2019

Løyve til etablering av parkeringsplass og avkøyrsløse ved Skodvin Montessoriskule - gbnr 94/1 Skodvin nedre

Administrativt vedtak. Saknr: 429/19

Tiltakshavar: Skodvin Montessoriskule

Ansvarleg søkjar: Alf Magne Kvalvåg

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om løyve til etablering av ny parkeringsplass med tilhøyrande avkøyrsløse på gbnr. 94/1, det er i søknad opplyst at plassen har eit areal på om lag 720 m².

Søknaden omfattar naudsynt grunn- og terrengarbeid, samt opparbeiding av avkøyrsløse. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 28.12.18 og endeleg komplettert 11.07.19.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 11.07.19 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som parkeringsplass, P6. Det ligg ikkje krav om regulering av arealet før tiltak kan etablerast jf. KPA § 3.2.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Det ligg føre godkjenning av omsøkt avkøyrsløse i brev frå Teknisk drift vegavdelinga datert 04.01.19.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø


Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



**Plassering av avkøyrsløp og parkeringsplass godkjent av
Teknisk drift vegavdelinga i brev datert 04.01.19**



Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Ansvarleg søkjar har i følgebrev datert 26.06.19 vurdert at det ikkje er naudsynt å nabovarsle gbnr. 94/2, 94, 8 og 94/10. Kommunen legg ansvarleg søkjar si vurdering til grunn og krev ikkje nabovarsling jf. pbl § 21-3, 2. avsnitt.


Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 01.02.19.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense/kommunal veg er vist til å vere 15 meter. Eigar av gbnr. 94/14 er Lindås kommune, vegavdelinga, har vurdert tiltaket i samband med handsaming av søknad om avkøyrsløype.

Tiltaket er plassert over 50 meter frå senterline Fv57 målt i kommunen sitt kartsystem GEMINI.

Utsnitt frå situasjonsplan parkeringsplass og avkøyrsløp gbnr. 94/1 datert 01.02.19 motteke 11.07.19



Vatn og avløp (VA)

Tiltaket fører ikkje til endra/auka bruk.

Tilkomst, avkøyrslø og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4. Avkøyrslø til offentlig veg er godkjent av vegstyresmakta i sak 18/3903, løyve datert 04.01.19.

Det ligg føre avtale om rett til å etablere parkeringsplass på eigedom gbnr. 94/1 av 17.10.18.

Terrenghandsaming

Teikningar/snitt (teikningsnr A10-1 datert 01.02.19) viser høgdeplassing av parkeringsplass i høve opparbeida kommunal veg.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Avfallsplan

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden, jf. situasjonsplan datert 01.02.19, motteke 11.07.19, teikningsnr. A10-1 rev A datert 15.06.19 .

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Privatrettslege tilhøve

Det ligg føre avtale om rett til å etablere parkeringsplass på eigedom gbnr. 94/1, avtala er datert 17.10.18.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for etablering av avkøyrsløse og parkeringsplass på eigedom gbnr. 94/1 slik som omsøkt 11.07.19. Parkeringsplassen har eit areal på 720 m². Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 01.02.19, rev A datert 15.06.19 (teikningsnr. A10-1) med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Tiltaket får tilkomst til offentleg veg. Veg og avkøyrsløse skal opparbeidast i samsvar med løyve frå vegstyresmakta datert 04.01.19 godkjent situasjonsplan datert 01.02.19 (rev A datert 15.06.19).**

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

- 1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/3902

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Adu-Ingeniør Atle D Utkilen	Postboks 75 Fonnes Senter	5953	FONNES
Alf Magne Kvalvåg	Onesvegen 9	5956	HUNDVIN
Skodvin Montessoriskule	Skodvinsvegen 1	5956	HUNDVIN
Skodvin Montessoriskule	Skodvinsvegen 1	5956	HUNDVIN

Mottakarar:

Adu-Ingeniør Atle D Utkilen	Postboks 75 Fonnes Senter	5952	FONNES
-----------------------------	------------------------------	------	--------